

A photograph of a rural landscape. In the foreground, a tall sunflower with yellow flowers and green leaves stands prominently on the right. To its left is a wooden trellis structure made of sticks, possibly for climbing plants. In the background, a long, low wooden building with a grass-covered roof sits on a green hillside. The sky is blue with some clouds. The overall scene is lush and natural.

gavlen

2022 - 42. årgang

Viti

Sunnmøre Museumslag

Pris kr 40,-



Gavlen 2022
ISSN 033-2668
42. årgang.

Redaksjon:
Ingvil Eilertsen Grimstad,
Ivar Gunnar Braaten,
Eldar Høidal.

Utgjevar:
Viti
Sunnmøre Museumslag
Grafisk arbeid og trykk: Brisk reklame

INNHALD

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn
Saman for kulturarvens 3
Årsmelding Museumslaget« 4
Hilsen fra Museumslaget« 6
Anna Liv S. Gjendem
Tilgjengeleggjering av kulturarven« 7
Kirsti Mathilde Thorheim og Ingvil E. Grimstad
Kunstnarsamtale om utstillinga
Spor etter oss« 9

Ivar Gunnar Braaten
Zorro på Løvenvold kino« 12
Håvard Haraldson Hatløy
Saxe Bjørkedal - Eit heilt liv« 15
Frode Pilskog
Norsk loshistorie 1720-2020« 19
Jan Kåre Blindheim
Pilegrim i Borgund« 21
Jarle Sulebust
Middelaldermuseet på Borgund« 23
Signe Elvik Svoen
Jugendstildagene 2022« 27
Ivar Gunnar Braaten
Legeråd til lofotfiskeren« 28
Eldar Høidal
Viti-historikarar med Haram-soge« 29
Grethe Østerhus Røyr
Helsing frå verneforeininga til Møbelmuseet ...« 30
Harald Krøvel
Brudavollen – bygdetunet i Ørsta« 33
Cecilie Rørstad
Stemmene frå Sunnmøre« 35

Foto: Stiftinga Viti der anna ikkje er nemnt.

Foto framside: Urtehagen ved Middelaldermuseet.



Skulelevnar om bord i bankskøyta Storeggen. Foto: Viti.

Norsk loshistorie 1720-2020

Av Frode Pilskog



Los Hans Parelius Knutson Goksøyr står i leideren. Biletet av losen frå Runde losstasjon er teke på 1970-talet.

Boka «Norsk loshistorie 1720-2020 - Frå selvstendige næringsdrivende til statsansatte» ligg no til sals i museumsbutikken. Det er første gongen at norsk loshistorie er behandla av fagforfattarar og samla i ei bok. Boka er basert på forskingsprosjektet «Los 2020» som vart sett i gang av Kystverkmusea, etatismuseet til Kystverket. Prosjektet fekk støtte frå Kulturrådet og vart leia av Eirik Gurandsrud frå Jærmuseet/Kystverkmusea. Gurandsrud har saman med Ola Teige frå Høgskulen i Volda vore redaktørar for boka. Samarbeidspartar i prosjektet har vore Viti, Museum Vest, Museum Stavanger, Jærmuseet og Høgskulen i Volda. Prosjektet er tidlegare omtalt i Gavlen nr. 1 2020.

Artiklane

Så lenge folk har reist langs kysten har det vore behov for kjentfolk. Losane tilbyr ein lokalkunnskap som gjer at skip kan unngå grunnstøytingar med tap av last og menneskeliv. I Ola Teige sin artikkel «Privatisert statsbygging: Kaptein Gabriel Christiansen og opprettelsen av et norsk losvesen» får ein vite om bakgrunnen for den statlege organiseringa av eit losvesen under eineveldet.

Arnljot Løseth (Høgskulen i Volda) «Tre næringsvegar – og eit farefullt liv. Losane på Runde los-



Minnesteinen på Herøy gamle gravstad. Steinen minner oss om det farefulle livet langs Sunnmørskysten. Møre og Romsdal var blant dei fylka med flest drukningsulykker. Ingen drukna meir enn losane. Foto: Frode Pilskog/Viti.

stasjon» tek for seg losane i Herøy på Sunnmøre. Med fokus på 1800-talet fortel Løseth om losane sine arbeidsforhold, sosiale status, rekruttering og korleis losyrket vart kombinert med både jordbruk og fiske.

Frode Pilskog (Viti/Kystverkmusea) sin artikkel «Kursboka er mi loshistorie. Kursbøker som del av kunnskapen og erfaringa til losane» undersøker kunnskapen til losane og korleis kunnskapen vert overført mellom losar og mellom generasjonar. Materialet er henta frå tre losar på Sunnmøre.

Det finnast ulike typar losar. Per Kristian Sebak (Museum Vest) tek for seg kystlosane i artikkelen «Kystlos: frå uregulert til felles losgivning – tidlig 1900-tall til 1948». I denne tidsbolken var det konkurranse og strid mellom statslosar (regulert etter loslova) og personar som opptredde som kjentmenn/losar utan å vere underlagt det same regelverket. Vi følger kystlosen Birger Pareli Hansen frå Arendals Dampskibsselskab frå 1918 til 1958.

Historia om det norske losvesenet under 2. verds- krig har ikkje vore behandla i ei fagleg historiefram- stilling tidlegare. Anne Tove Austbø (Museum Stavanger) sin artikkel «Losing i krigstid 1939-1945» utfordrar den offisielle framstillinga om at «Losene stod samlet i motstandskampen» (NOU frå 2013). Røynda var meir komplisert. Losane hadde ein sentral posisjon for sikring av forsyningar til sivil- befolkninga, men samstundes også for det tyske krigsmaskineriet. Austbø fortel om arbeidsvilkåra og dei mange dilemma som losane måtte ta omsyn til.

Boka vert avslutta med artikkelen «Å gå på akkord med staten. Losenes lønssystem 1948-1981» av Eirik Gurandsrud (Jærmuseet/Kystverkmusea). Sjølv om losane vart statstilsette i 1948, så hadde yrkes- gruppa eit særmerkt system for løn og godtgjersle. Gurandsrud går nærmare inn på vilkåra og losane sin overgang til statens lønsregulativ i 1981. Først på 1990-talet vart losane innlemma i det statlege løns- systemet.

Boka «Norsk loshistorie 1720-2020» er utgjeve av Museumsforlaget.



Etter avslutta eksamen fekk aspiranten eit lospatent og eit skilt med merke «Los», «Lods» eller «Lots». Her er eit losskilt frå Goksøyr. Foto: Frode Pilskog/Viti.